

Dyrkolbotn Fjellstove AS
Dyrkolbotn 119
5994 Vikanes

Tlf.: 90 68 01 00
Org.nr.: 917438129mva

Til Alver kommune

v/Avdeling for kart og matrikkeldata

Informasjon om ferdigstilt tilbygg på hovudbygningen til Dyrkolbotn Fjellstove gnr 247 bnr 10

Vi har i år (2021) sett opp eit 13,4 m2 tilbygg til hovudbygningen, og no ferdigmelder vi dette. Tiltaket kjem inn under §4-1, første avsnitt b i Byggesaksforskrifta, og har såleis ikkje trengt byggesakshandsaming. Men i siste avsnitt i § 4-1 står det at vi skal «informere kommunen om tiltaket og plasseringen når det er ferdigstilt, slik at kommunen kan oppdatere kart og matrikkeldata»

Tilbygget er delvis ope og er sett opp i tilknytning til brannrømmingsveg ut frå soveromsfløyen, og er hovudsakleg for å sikra denne rømmingsvegen. Ved stort snøfall har eksisterande dør lett vorte stengd av snøen, og ein laut vera svært påpasseleg med måkinga. No slepp vi dette stadige stresset.

Dyrkolbotn, 21. desember 2021


Venleg helsing

Leikny Strømme Flathus

Vedlegg:

- 1) Planskisse av fjellstova med tilbygg
- 2) Foto av ferdig tilbygg

1) Planskisse av fjellstova med tilbygg:



2) Det ferdige tilbygget er til høyre på bildet:

